

NotatDato: 13.11.2018
Arkivsak: 2018/16569-1
Saksbehandlar: evevaul

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Uromelding om trafikktryggleiken på Fv197 Hillerenveien og Fv197 Håkonshellaveien

Espen Bratland har vore i kontakt med fylkeskommunen og Statens vegvesen, med fleire, om trafikktryggleiken på Fv197 frå Håkonsvern mot Drotningstveit (om Mathopen) i Bergen kommune. Statens vegvesen har gitt svar på Bratland sine uromeldingar ved fleire høve. I e-post dagsett 15. juni 2018 spør Bratland om korleis han kan koma i kontakt med fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). I eit svar til Bratland, skriv samferdselsavdelinga at hans uromelding om trafikktryggleiken på Fv197 Håkonshellaveien/Hillerenveien¹ vil verta lagt fram for FTU.

Bratland sine bekymringar er lista opp nedanfor, med fylkesrådmannen sine kommentarar under:

- 1) Ovanfor Fv197 Hillerenveien ligg det eit anleggsområde med ei steinfylling ned mot fylkesvegen. Bratland meiner steinfyllinga ikkje verkar å vera trygt opparbeidd eller godt nok sikra, og ligg tett på busstopp og fortau på fylkesvegen. Bratland er redd for at det kan dette ned stein på folk som ferdast her.

Kommentar: Situasjonen som Bratland her peikar på, er eit godt døme på at det kan vera utfordrande å vita kven som har ansvaret for å sjå til og eventuelt retta opp i situasjonen. Statens vegvesen har vore på synfaring, men peikar på at det er Bergen kommune, som planmynde, som er ansvarleg for oppfølging av saka. Steinfyllinga er knytt til eit utbyggingsområde og er bygd etter godkjent plan. Juss- og tilsynsavdelinga ved Plan og bygningsetaten har ansvar for å føra tilsyn med byggjesaker – ved dette høvet å sjå om fyllinga er i samsvar med gjeldande krav. Det er opp til Juss- og tilsynsavdelinga å vurdere om det er naudsynt å henta inn geoteknisk kompetanse for å kvalitetssikra utføringa av steinfyllinga. Bratland har opplyst om at avdelinga skal ha vore på tilsyn. Fylkesrådmannen vil undersøka med avdelinga kva vurderingar dei har gjort.

- 2) Fv197 Håkonshellaveien ved Valsmoglobukten er smal, med fjellskjering på austsida av veggen, og bukta på andre sida. Bratland er uroa over nedfall av stein frå skjeringa.

Kommentar: Statens vegvesen har bedt entreprenør om å undersøka fjellskjeringa. Tiltak vil verta vurdert om det viser seg å vera naudsynt.

¹ Fv197 Hillerenveien og Fv197 Håkonshellaveien er to delstrekningar av same fylkesveg.

- 3) Fv197 Håkonshellaveien (frå Håkonshella til Alvøen gård), og særleg vegstykket forbi Valsmogbukten, har i følgje Bratland ikkje standard eller kapasitet som tillèt utbygginga som har vore i området. Han meiner det ikkje er rett av Statens vegvesen i planuttalar å visa til at vegen mot Håkonsvern og Loddefjord har god standard, då han meiner vegen mot Alvøen og vidare til Drotningvik er hovudvegen i området. Planuttalen frå Statens vegvesen til reguleringsplan for Torvmyra², dagsett 29/4-2016, vert brukt som døme, der vegvesenet m.a. skriv at fylkesvegen «nylig er utbedret og trafikksikret med tilbud til myke trafikantar. Krysset til fylkesvegen er utbedret som del av denne utbyggingen. Statens vegvesen har med dette som bakgrunn ingen vesentlege merknader til planforslaget».

I eit tidlegare skriv til Bratland, dagsett 11. oktober 2017, har Statens vegvesen gitt svar på kva vurderingar som ligg til grunn for planuttalane deira:

I våre uttalelser til pågående reguleringsplaner for vidare utbygging i området har vi vurdert de tiltak som er gjort gjennom flere år opp mot foreslåtte utbygginger. Vi er enig i at trafikksikkerhetsforholdene på den aktuelle strekningen mellom Bjorøy tunnelen og Alvøen stiller ikke er ideelle, men har vurdert at det med bakgrunn i de tiltak som er gjennomført likevel er forsvarlig med noe utbygging i området. Vi gjør oppmerksom på at det er Bergen kommune som reguleringsmyndighet som har ansvaret for den formelle saksbehandlingen av reguleringsplaner.

Det er gjennomført og planlagt fleire trafikksikringstiltak på vegstrekningane Fv197 Hillerenveien og Håkonshellaveien. Statens vegvesen listar opp følgjande i eit svar til Bratland, dagsett 15. august 2018:

- *Fv.197 Hillerenveien ble for få år siden utbedret med tilhørende trafikksikkerhetstiltak på strekningen fra Mathopen og forbi krysset til Torvmyra og vi har vurdert at denne strekningen har en tilfredsstillende standard.*
- *Det er gjennomført en trafikksikkerhetsutredning av Mathopen skolekrets i 2017/2018. Tiltak er planlagt gjennomført i løpet av inneværende år.*
- *Reguleringsplan for «Laksevåg. GNR 129 og 130, Håkonshellaveien, gang- og sykkelveg» planID:60940000 ble vedtatt 19.10.2016. Dette er et prosjekt som kan bli aktuelt å prosjektere i kommende år.*
- *Som orientert er det blitt gjennomført flere trafikksikkerhetstiltak på denne strekningen som skilting av 40 km/t og etablering av fartsdempende tiltak.*

Kommentar: Trafikksikkerheita på Fv197 Håkonshellaveien er diverre ikkje så god som me skulle ønskt. Strekninga manglar eit separat tilbod til gåande og syklande, med unntak av eit kortare parti nord for Alvøen rideklubb. Vegen er smal og har relativt høg trafikk. Gjennomsnittleg trafikkmengde er på 4100 køyretøy i årsdøgntrafikk (ÅDT), og vegbreidda varierer mellom 3,8 og 5,5 meter. Forbi Valsmogbukten er vegen særleg smal. På austsida av vegen er det ei fjellskjering, på vestsida eit betongrekkverk. Rekkverket kviler på ein steinmur som går ned i sjøen, kor det ligg ei flytebrygge for det lokale båtlaget langs muren. Det er ikkje plass til mjuke trafikantar her når større køyretøy passerer.

Som Statens vegvesen skriv, er det vedtatt ein reguleringsplan for Fv197 Håkonshellaveien, som vil sikra eit godt tilbod til mjuke trafikantar på heile strekninga. Dette er eit godt og viktig trafikksikringsprosjekt, men det er også eit relativt kostbart tiltak. Realisering er avhengig av at prosjektet vert prioritert i handlingsprogrammet til Miljøløftet 2018-2021. Prosjektet ligg ikkje inne i forslag til tiltak for 2019, som skal vedtakast i fylkestinget i desember.

² Plan-ID 15920000 – Gnr. 129 bnr. 108 Torvmyra – Felt B7 – Laksevåg – Bergen kommune